



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Kviteseid Sokneråd

## **REFERAT frå soknerådsmøte**

for Kviteseid Sogn

Onsdag 18. november 2020, kl.18.00-21.00

Stad: Kommunestyresalen

### **Innkalla:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Vidar Syrtveit Mikalsen, Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Sigrun Garvik Moen (sekr.)  
Møyfrid Lunde, sokneprest, Bjørn Nordskog, kommunerepresentant og ordførar  
Kristen Salmelid, kyrkjevjerje. 1. vara: Vigdis Helen Bruhaug

Etter to forfall meldt same dag, vart ein vara til innkalla på kort varsel.

### **Møtte:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Vidar Syrtveit Mikalsen, Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Sigrun Garvik Moen, Møyfrid Lunde, Bjørn Nordskog, Kristen Salmelid, Vigdis Helen Bruhaug og Inge Waldenstrøm  
Tilsette: Jan Gunnar Haugen, Håkon Heggtveit, Bjørn Stian Sigurdslid, Olav Holm, Knut Ove Lofstad og Eilev Erikstein

Vi byrja møtet med sak 60/20.

Tilsette vart med frå starten og til og med kaffi, før møtet heldt fram med sak 56/20

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Enkel servering ved kyrkjekontoret

*Innkalling og referat blir sendt ut til revisor Hilde Vatnar og prost Asgeir Sæle, i tillegg til soknerådet og vararepresentantar..*

*Referat blir i tillegg sendt til rådmann Øystein Tveit, kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åsland, ordførar som kommunerepresentant.*

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 56/20 (FR)</b>	<b>Val av leiar og nestleiar for 2021</b>
<b>SR-sak 57/20 (FR)</b>	<b>Innkalling og sakliste</b>
<b>SR-sak 58/20 (FR)</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>SR-sak 59/20 (FR)</b>	<b>Frå AU: Rekneskapsrapport frå 3. kvartal 2020</b>
<b>SR-sak 60/20 (FR)</b>	<b>Møte med tilsette</b>
<b>SR-sak 61/20</b>	<b>Gudstenesteplan for 2021</b>
<b>SR-sak 62/20</b>	<b>Misjonsprosjekt for 2021-2024</b>
<b>SR-sak 63/20</b>	<b>Ofringar 2021</b>
<b>SR-sak 64/20</b>	<b>Representantar til årsmøte i Diakonatotet</b>
<b>SR-sak 65/20</b>	<b>Gapahuk for trusopplæring m.m.</b>
<b>SR-sak 66/20 (FR)</b>	<b>Smitteverntiltak</b>
<b>SR-sak 67/20 (FR)</b>	<b>Møteplan for SR 2021</b>
<b>SR-sak 68/20 (FR)</b>	<b>Eventuelt</b>

SR-sak 60/20 (FR)	Møte med tilsette	Leiar
<p>Etter årshjulet møter SR alle tilsette i soknet dette fyrste året i denne soknerådsperioden. Seinare år vert det på november-møtet berre møte med organist og trusopplærar.</p> <p>Dei tilsette er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <u>Fagarbeidarar</u> (Kyrkjjetenar og kyrkjegardsarbeidar): <ul style="list-style-type: none"> <li>○ <b>Jan Gunnar Haugen</b> (59), 50 % stilling (ikkje arbeidande i sine andre 50 % på 3. året). Over 20 år i stillinga.</li> <li>○ <b>Håkon Heggveit</b> (59), 50 % sidan des. 2013 , altså nesten 7 år no.</li> <li>○ <b>Bjørn Stian Sigurdslid</b> (37), 50 % vikar for 1 år frå 1. aug. 2020</li> </ul> </li> <li>• <u>Trusopplærar</u> (med litt sekretærfunksjon) <b>Knut Ove Lofstad</b>, 50 % fast stilling frå 1. aug. 2020</li> <li>• <u>Organist</u> <b>Olav Holm</b> (47), 70 % sidan 1. aug. 2019</li> <li>• <u>Kyrkjeverje</u> <b>Kristen Salmelid</b> (56), 100 %, starta her 1.febr. 2016 og nærmar seg då 5 år i stillinga</li> <li>• Så har vi og <ul style="list-style-type: none"> <li>○ <u>Prostidiakon</u> <i>Eilev Erikstein</i> som har sitt virke i 5 Vest-Telemark-kommunar og blir administrert av Diakonaten og Tokke Fellestråd.</li> <li>○ <u>3 tilsette i "Ønsket &amp; Elsket"</u> som blir fordelt på alle sokn og fellestråd i Øvre Telemark prosti, og blir lønna frå Seljord sokn.</li> </ul> </li> </ul> <p>Her lokalt er det diverre ein veldig mannsdominert arbeidsplass etter siste byte av trusopplærar. Det er godt for fellesskapet i staben å ha med sokneprest Møyfrid Lunde som kvinne.</p> <p>Aktuelle spørsmål:</p> <p style="padding-left: 40px;">Korleis opplever det tilsette sin arbeidsplass og sitt arbeid? Kva ynskjer soknerådet å formidla til dei tilsette? Andre punkt??</p> <p>Soknerådsleiar takka alle tilsette og soknerådet med gode ord og blomar. Jan G. Haugen fekk ein ekstra takk for over 20 års teneste som kyrkjegardsarbeidar og kyrkjjetenar.</p>		

SR-sak 56/20 (FR)	Innkalling og saksliste	MG
<p>Innkallinga til dette møtet er sendt ut på e-post 11.11.2020 til alle medlemmer av Kviteseid sokneråd. (varamedlemmer, revisor og prost får kopi til orientering).</p> <p>Merknader til innkallinga eller sakslista?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga sendt ut på e-post 24.09.2020 er godkjend. Sakslista er godkjend og møtet er lovleg sett.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som føreslege.</p>		
SR-sak 57/20 (FR)	Val av leiar og nestleiar for 2021	MG
<p>Leiar siste år, Marit Gotuholt, leia valet. Det vart gitt anledning til å krevja skriftleg val. Leiar og nestleiar vart valde kvar for seg.</p>		

**VEDTAK:**

Marit Gotuholt vart attvald som leiar for Kviteseid sokneråd for 2021 frå og med dette møtet. Marit Sørby vart attvald som nestleiar for eitt år.

**SR -sak 58/20****Post og meldingar****Leiar / ML / KS****1. Gjennomførte arrangement:**

- a. Nattverdsgudsteneste på KOS og andaktsamling på Midtsundtoppen 14.10.
- b. Samling for diakoniutval og besøksteneste med Eilev Erikstein 15.10.
- c. Samling om gudstenesta for frivillige medarbeidarar og andre interesserte 24.10. kl. 14-16.
- d. Sorggruppe 27.10. (siste av tre samlingar).
- e. Føremiddagstreff 28.10 m/besøk av Eilev Erikstein og Helene Sele.
- f. Opne kyrkjer på Allehelgensdag 1.11. kl. 16-18 (Sjå eiga sak)
- g. Tårnagentsamling 31.10. kl. 15-19 i og rundt gamlekyrkja og bygdetunet for 4.-5.klassingar.
- h. Samling på misjonshuset etter helgemesse 1.11. med servering ved diakoniutvalet. Song av Jan Haugen og Helene Sele (diakonistudent).
- i. Opne kyrkjer på Helgemessesundag 1.11. kl. 16-18 (Sjå eiga sak).
- j. Helgemessekonsert i Kviteseid kyrkje ved Jan Haugen med fleire, søndag 8.11.

- 2. Vi innfører no PÅMELDING til alle våre gudstenester og fleire arrangement.** Dette er førebudd for resten av 2020 i fyrste omgang. Kyrkjer med benkar og ikkje fastmonterte separate stolar som i kino, kan pr. 9.11. ikkje ha meir enn 50 personar til stades. Vi håpar dette vert endra før jol. Sjå på nettsida vår. (meir info om smitteverntiltak i eiga sak).

**3. Planlagde arrangement:**

- a. Føremiddagstreff på Misjonshuset onsdag 25/11. Avlyst
- b. Syng-med-konsert ved Kviteseid hornmusikk i Kviteseid kyrkje 4.12. kl.18.00 (med live strømming) Påmelding via nettsida til kyrkja.
- c. Adventssamling for eldre i Kviteseid kyrkje 9.12. kl. 11.00
- d. Adventskonsert i Kviteseid kyrkje 13.12. kl.17.00. Medverkande: Kviteseid Soul Children, Unge Røyster, Barnegospel og ~~Ågapet~~ (mannskoret har ikkje øvingar no, og vert difor ikkje med). OBS: Påmelding. Med live strømming
- e. Strikkekafe på KOS v/diakoniutvalet 17.11., 19.12 og 14.1.(2021) kl. 10-12
- f. Jolevandring for barnehagane – datoar ikkje fastsett.
- g. Skulegudsteneste for Brunkeberg oppvekstsenter i Brunkeberg kyrkje 18.12. kl. 8:30
- h. Skulegudsteneste for Kviteseid skule 8.-10.klasse 18.12. kl. 10:00 og for 1.-7.klasse kl. 12:50
- i. Konsert fredag 18.12. kl. 20 med Ingri Elise Engeland m.fl. tema «Engel» (eiga påmelding med kjøp av billett)
- j. Andaktsamlingar på KOS og Midtsundtoppen 23.12. kl. 11 og 12.
- k. Konsert i Kviteseid kyrkje 5.3.-21 ved Olav Mosdøl og Hege Bålsrød med «Ingen kan tjore fugletrekket»

- 4. Nettsida [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no) er blitt fornya** frå leverandøren Kirkedata, og er blitt 'mobilvennleg'.

- 5. Lydanlegg og teleslynge i Fjågesund** er ferdig montert og vart brukt for fyrste gong søndag 25.10.2020. Det kosta kr 56.000 inkl. montering. God lyd.

6. **Rehabiliteringsarbeid på Gamlekyrkja:** Arbeidet vart avslutta og rapport er sendt riksantikvaren innan fristen 1.11.2020. RA har godkjent rapport og rekneskap, og har utbetalt stønaden på kr 420.000. (sjå vedlagt rapport)
7. **Rehabilitering av blyglasa i Kviteseid kyrkje:** Halvor Nyland rekk truleg ikkje å gjere ferdig arbeidet med å byta ut blyet i 2 vindauge i 2020 slik vi hadde avtala og budsjettert med. Eitt er lova ferdig i november, det siste store av 3 på nord-veggen, men det står att å sjå.
8. **Brev med søknader om offer** frå mange instansar. Sjå sak 63/20.
9. **Møte:** Kyrkjeverja har vore med på møte i Kviteseid Næringslag. Det opplevast som nyttig og greitt å vere medlem her og vere med på møtet. Kyrkja er ein del av lokalsamfunnet.
10. **Brev** frå Øyvind Andreas Jørgensen 08.11.2020 om misjonsprosjekt. Sjå sak 62/20.
11. **Nytt oppheng til klokka i Kviteseid gamle kyrkje** kom på plass 10.11.2020. Det er eit av investeringsprosjekta i år, og er dermed ferdig.
12. **Museinvasjon i kyrkjene.** Særleg Vrådal kyrkje er blitt hardt råka der puter på benkene er blitt øydelagde i tillegg til ei konfirmantkappe. Resten av kappene er flytta til Kviteseid. I samband med ei messe der i midten av oktober vart det fanga 10 mus. Kyrkjetenarane bruker mykje tid på dette.
13. **Kontakt med Stortinget:** I samband med at det er 75 år sidan krigen slutta, fekk kyrkjeverja telefon og mail frå Stortinget. Ein del av stortingsarkivet var lagra i mellom anna Kviteseid kyrkje under krigen. Dei ynskte meir informasjon viss vi hadde.
  - a. Vi har fått tilgang til loftet til Tora Fjalestad der det er lagra mykje informasjon som far hennar Olav Bjørgum samla medan han var prest her under krigen.
  - b. Johannes Skarprud har så langt funne eit avisutklipp frå avisa Varden frå 1947, der Bjørgum fortel at 17 tonn av Stortingets arkiv i over 1 år var oppbevara i Kviteseid kyrkje fordelt på 278 kasser frå sommaren 1944. Dette fortalde dåverande sokneprest Bjørgum til Varden i 1947. Samstundes vart det i Kviteseid gamle kyrkje oppbevara 18-19 tonn tilhøyrande Historisk museum i Oslo. Det var tilsvarande gods frå museet i 20 andre kyrkjer.
14. **I kommunen si budsjetthandsaming** ligg vi for 2021 inne med dei beløpa vi ba om for både drift og investering.
15. **I medlemsregisteret til Den norske kyrkja** vil tilhøyrande (= medlemmer sine udøypte born) bli sletta frå nyttår. Alle desse har no fått direkte brev, og kan sjølv melde borna tilbake til kyrkja med namn og fødselsdato. Ungdom frå 15-18 år har fått brevet sjølve. Soknepresten skriv litt om dette i komande kyrkjeblad no før jol.
16. **Kulturutvalet** hadde møte 11. nov. og arbeider med konsertane i jola, utleigebrosjyre for kyrkjene i soknet, og med kulturplanen.
17. Trusopplæringsutvalet hadde møte 17.11. Noko derifrå vart tatt opp i eigen sak her på møtet.
18. **Kyrkjelydsbasaren 28.11.** har komiteen bestemt vert utan publikum. Lodd må difor kjøpast på førehand, kontant eller med Vipps. Nokre personar har nå ti laurdagar selt lodd utanfor 6-kanten i Kviteseid sentrum. I tillegg vert det sending på Facebook kl. 11.00-12.30 med digitalt åresal. Det vert nokre innslag innimellom. Sal av varer vil vere i Kviteseid sentrum saman med mange andre, fredag 27. kl. 16.00-19.00.

**SR-sak 59/20 (FR)**

**Frå AU: Rekneskapsrapport frå 3. kvartal 2020**

**KS**

AU fekk til sitt møte 4. nov. framlagd og gjennomgått rekneskapsrapporten for 3. kvartal 2020.

**Samla viser driftsrapporten eit overskot (mindreforbruk) på kr 385.259.**

Avdelingsvis er resultat slik:

**110 Kyrkjeleg administrasjon** har eit lite underskot på kr 21.497 (budsjettert: 17.250/23.000), så her er alt som forventa. (Tala i parentes er budsjett pr 3. kv/heile året)

**111 Kyrkjer** har eit overskot på kr 417.182 (27.000/36.000). Her er medrekna utbetalinga frå Knif på kr 200.000. I tillegg er straumutgiftene betydeleg lågare og det er brukt mindre på inventar og utstyr. Lydanlegg i Fjågesund er ført etter denne rapport-perioden.

**112 Kyrkjegardar** har eit underskot på kr 80.268 (overskot 39.000/52.000). Her har det gått litt mykje ut i løn. Det kan forklarast slik: Vikar frå jan-aug fekk ikkje trekk for feriedagar fordi han skulle ta ferie etter at han slutta. Nesten 50.000 meir av løna hans kunne vore ført på 'Ferievikarar', så dei to postane må sjåast på under eitt. På denne avdelinga har inventar/utstyr kosta meir enn forventa. Det er den nye grasklipparen (ca. 80.000) som måtte bytast i sommar.

**113 Andre kyrkjelege føremål** har eit overskot på kr 62.393 (underskot kr 72.000/96.000). Her er mykje relatert til korona-epidemien: Konfirmantleir er ikkje arrangert, men vi har bedt om faktura på litt av kostnaden dette året. Dei 22 konfirmantane er berre fakturert 500 av 3000 i år. "Ønsket og elsket" blir fakturert frå Seljord mot slutten av året. Det har vore mange færre arrangement og dermed også mindre husleige, og sist: Færre gudstenester har gitt mindre i offer, både til eksterne og til oss sjølve.

**Vedlegg:** *Rekneskapsrapport 3. kvartal 2020*

#### **VEDTAK i AU:**

Arbeidsutvalet tek driftsrapporten for 3. kvartal 2020 til orientering og ynskjer at den og skal leggjast fram for soknerådet med orientering av hovudpunkta.

#### **Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet tek rekneskapsrapporten for 3. kvartal til orientering.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet tek rekneskapsrapporten for 3. kvartal til orientering.

#### **SR-sak 61/20**

#### **Gudstenesteplan for 2021**

**ML**

Vedlegget viser eit forslag til gudstenesteplan gjeldande for 1. januar – 1. august 2021. Forslaget er utarbeidd av sokneprest og organist, og i samråd med kyrkjeverje. Det er i hovudsak basert på brevet om forordninga frå biskopen og innarbeidde tradisjonar. Nytt i forslaget for dette året er at vi går ifrå fem til fire forordna gudstenester i Fjågesund per år. (Eventuelle dåpsgudstenester kjem i tillegg.) Med dette forslaget ynskjer vi òg å etablere ei fast ordning med familiegudsteneste fyrste sundag i månaden i Kviteseid kyrkje. Trusopplæringsutvalet har hatt forslaget til orientering og stiller seg positive til å prøve ut dette. For framtida ynskjer prest og organist å fylgje skuleåret i planarbeidet med gudstenestene.

**Vedlegg:** *Gudstenesteplan for 2021*

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek det framlagte forslaget til gudstenesteplan for 01.01.-01.08.20. Gudstenesteplan for hausten vert førebudd av gudstenesteutvalet til vedtak i sokneråd på april møtet.

Gudstenesteplanen for vår og sommar 2021 er limt inn på slutten av dokumentet her.

Soknerådet ga i førre møte SR-sak 52/20 mandat til ei gruppe som kunne hente inn ulike forslag til misjonsprosjekt frå folk lokalt og i samarbeid med misjonsorganisasjonane. På bakgrunn av dette fekk gruppa i oppgåve å presentere to gode alternativ for soknerådet.

Gruppa: Møyfrid Lunde, Kristen Salmelid og Åsa Wendel

Desse to misjonsprosjekta vil gruppa sidestille:

### A Bibelomsetjing i Sør-Etiopia

Området i Sør-Etiopia er prega av mange ulike folkegrupper, fleire utan eige skriftspråk. Karen Elisabet Wittersø Hector og Fredrik Hector har i fleire år vore utsendingar og jobba med å få omsett Bibelen til tsamakko.

- Lokal tilknytning: Karen Elisabet hadde delar av oppvekst og skulegang her i Kviteseid. Då ho fyrste gong vart utsendt til Etiopia, hadde ho ei forbønshandling i gamlekyrkja.
- Informasjonstilgang: Etter planen skal familien på fem reise ut til våren og kan komme og presentere seg og arbeidet på ei gudsteneste før dette. Det vil vere lett for kyrkjelyden å få høyre nytt frå arbeidet. Både barn og vaksne i kyrkjelyden kan identifisere seg med nokon i familien.
- Misjonsarbeidet: Arbeidet har ei diakonal side ved at folkegruppa har fått sitt minoritetsspråk nedteikna. Arbeidet er samstundes ein konkret måte å spreie evangeliet på - bibeldel for bibeldel.
- Misjonsorganisasjonar: Misjonærene her er utsendingar for NLM (Norsk Luthersk misjonssamband), og omsetjingsarbeidet skjer i samarbeid med organisasjonen Wycliffe og SIL Etiopia. I vår kommune er fleire foreningar, lag og Kvitsund gymnas knytt til NLM.
- Eventuell avtale: Ei misjonsavtale vil stå mellom Kviteseid sokn og NLM.

### B Okhaldunga sjukehus i Nepal

Sjukehuset ligg 8 mil frå Mount Everest og er det einaste i eit område der det bur over 250 000 menneske. Barn under 12 kg får her gratis tenester, og gjennom eit pasientstøttefond vert det mogleg for fattige å få behandling. Her er sjukepleiarskule og eit nytt prosjekt for inkludering av menneske med funksjonsnedsetjing. Etter planen skulle Liv Wendel ha reist ut no i haust for å styrke sjukepleiarskulen og jordmortenesta ved sjukehuset. Ho har tidlegare jobba i det førre prosjektet vi støtta i Bajhang i Nepal.

- Lokal tilknytning: Liv Wendel hadde delar av oppvekst og skulegang her i Kviteseid. Ho vart utsendt som misjonær frå Kviteseid kyrkje, og kyrkjelyden har hatt kontakt med henne gjennom den førre misjonsavtalen. Mor, Åsa Wendel, bur her.
- Informasjonstilgang: Liv kan presentere arbeidet sjølv før ho reiser ut. Vidare er Erik og Kristin Bøhler, som kjenner henne og som har jobba på sjukehuset i mange år, i Noreg og kan gje oss informasjon. Åsa Wendel og Liv Wendel kan bære gje oss oppdateringar.
- Misjonsarbeidet: Arbeidet er i hovudsak diakonalt for å betre helse og likeverd for fattige. Sjukehuset går under namnet «mission» og arbeidet der er eit vitnesbyrd om evangeliet på mange måtar.
- Misjonsorganisasjonar: Liv Wendel reiser ut for Normisjon. Denne organisasjonen inngår i SMM (samarbeid for menighet og misjon), som har eit forpliktande gjensidig forhold til Den norske kyrkje. I Nepal samarbeider dei med UMN (United Mission to Nepal). Misjonshuset i Kviteseid og fleire grupper for barn i kommunen er knytt til Normisjon.
- Eventuell avtale: Ei misjonsavtale vil stå mellom Kviteseid sokn og Normisjon.



**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet går inn for å teikne misjonsavtale(r) for å støtte eitt av eller både desse prosjekta.

Leiaren las opp eit brev frå Øyvind Jørgensen til soknerådet. Det gjekk på akkurat dei same to prosjekta som komiteen har lagd fram, og at vi gjerne kunne hatt begge to.

**VEDTAK:**

Soknerådet går inn for å teikne misjonsavtaler både med Normisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband for å støtte begge dei foreslegne prosjekta i åra 2021-2024 med intensjon om å samle inn kr 20.000 til kvart prosjekt kvart av desse 4 åra.

**SR-sak 63/20****Ofringar 2021****ML**

Soknerådet skal ta avgjerd om kva og kven kyrkjeofringane skal gå til. Dei siste åra har soknerådet tatt stilling til eit ferdig forslag som soknepresten har lagt fram basert på eit generelt vedtak frå 2016.

I denne perioden vart offera fordelt slik: (endringar er markert med **utheva skrift**)

Føremål	vedtak	2017	2018	2019	2020	2021
Blå kors	1	2	1	1	1	
Dei fire diakoniinstitusjonane	1	1	1	1	1	
Den Norske Israelsmisjon	1	2	1	1	1	
Det norske bibelselskap	2	2	2	2	2	
Diakonaten i Vest-Telemark			<b>1</b>	1		
IKO (Institutt for kristen oppseding)	1	1	1	1	1	
KIA (Kristent interkulturelt arbeid)	1	2	1	1	1	
Kirkens SOS, Telemark	2	2	2	2	2	
Kirkens Nødhjelp	2 joledag	<b>4 juleftan</b>	4	4	4	
KRIK (Kristen idrettskontakt)	1	1	1			
Kvitsund gymnas	2	2	2	2	2	
Kvitsundrussens misjonsprosjekt	1	0	1	1	1	
Kyrkjelydsarbeidet	10-14	7	7	7	7	
Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid		<b>7</b>	7	7	7	
Menneskeverd	1	2	1	1	1	
Misjonsprosjektet	5-6	6	6	6	6	
NKSS (Skulelaget)	1	1	1	1	1	
NLM (Norsk Luthersk Misjonssamband)			<b>1</b>	1	1	
NLM/Wycliffe bibeloversetjing	1	1	1	1	1	
NMS (Det norske misjonsselskap)	3 joleftan	<b>2 Joledag</b>	2	2	2	
Ma-Ma Children Center (Manila)	1	1	1	1	1	
Sjømannskyrkja	1	2	1	1	1	
Stefanusalliansen	1	1	1	1	1	
Søndagsskolen, Telemark			<b>1</b>	1	1	
Tro og medier			<b>1</b>	1	1	
TV-aksjonen (2021: Plan Norge)	1	1	1	0	1	
MF (Menighetsfakultetet)				<b>1</b>	1	
Institutt for sjelesorg				<b>1</b>	1	

\* Helgemesse og Nyårseftan har vi ikkje hatt kyrkjeofring.

\* 17. mai skal offerformåla rullere frå år til år.

\* Inntektene frå basaren har vore delt slik at 15.000 har gått til misjonsprosjektet, og resten til trusopplæringsarbeidet.

\* Misjonsavtalen var teikna for 35.000 kr per år til samfunnsutvikling i Nepal gjennom Normisjon. Vi har sendt meir enn dette kvart år.

### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek dei endringane ein ynskjer for 2021 i høve til fordelinga i 2020.

Gudstenesteutvalet fordeler deretter offerføremål på dei ulike gudstenestene slik at dei passar til dagens tekst/tema.

### **VEDTAK:**

Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til ofringar for 2021 utan endring. Gudstenesteutvalet fordeler offerføremål på dei ulike gudstenestene (vedteke no for vår og sommar 2021, og i april før hausten 2021) slik at dei passar til dagens tekst/tema. Før oktober 2021 førebur gudstenesteutvalet forslag til ofringar for 2022.

### **SR-sak 64/20**

### **Representantar til årsmøte i Diakonatot**

### **Leiar**

SR valde i januar Marit Sørby som representant til Årsmøtet i Diakonatot. Vi kan etter statuttane i Diakonatot ha ein person til frå Kviteseid. Årsmøtet er søndag 22. nov. kl. 15.00 på Vinjehuset. Årsmøtet blir etterfølgd av eit diakoni- og verdiseinar kl. 16.00 med besøk frå leiar i Kyrkjerådet. Eli Rognsvåg frå Kviteseid sit i styret for Diakonatot. Dei har ei eiga valnemnd. Så får vi fylgje med i media på om det vert påmelding eller andre endringar.

### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vel i tillegg til Marit Sørby ..... til å representere soknet i Årsmøtet i Diakonatot.

Marit Sørby har av helsemessige årsaker ikkje høve til å delta på samlinga dette året.

### **VEDTAK:**

Soknerådet vel Hanne Julie Roholdt og Unni Snaunes til å representere Kviteseid sokn på Årsmøtet i Diakonatot.

### **SR-sak 65/20 (FR)**

### **Gapahuk for trusopplæring m.m.**

### **Leiar**

Denne saka var lagt fram til AU som informasjon. AU ville ha den som eiga sak i SR.

Trusopplæringsutvalet har teke initiativ til å få på plass ein gapahuk nær kyrkja i Kviteseid for allsidig bruk i kyrkjeleg samanheng. Den vil og vere tilgjengeleg for allmenne føremål. Her er saka frå Trusopplæringsutvalet:

#### **Sak 23/20 – Gapahuk ved Kviteseid kyrkje**

Vi fann ein eigna plass for gapahuk i skråninga nedafor parkeringsplassen ved Kviteseid kyrkje i retning Kviteseid sentrum. Kyrkjeverja er positiv til idéen om å nytta denne plassen. Møyfrid hadde med bilete av gapahukene ved Ågapet og ved barnehagen som to døme. Vi vil sjå nærare på gapahuken som skulen nyttar. Vi er einige om at det vil vere ein god idé å få satt opp ein gapahuk som kan nyttast til ulike grupper for trusopplæring mellom anna.

- Ein speidargruppe kan nytte denne til enkelte aktivitetar.
- Sundagsskulen kan ha utegruppe her.
- Konfirmantane kan ha nokre samlingar der.
- Under LysVaken kan han nyttast i uteøkta.
- Han kan også nyttast i samband med kyrkjekaffi, til bønegrupper, samtalegrupper eller anna.



- Han kan vere open for bruk av andre kyrkjelyder eller lag.

- I fyrste omgang vil Knut Ove snakke med kyrkjevevja om å ta saka opp med kommunen i forhold til bruk av plassen. Trusopplæringsutvalet som initiativtakar ynskjer at det dannast ei prosjektgruppe som utarbeider ei projektskisse for korleis gapahuken kan sjå ut, kva som skal gjerast på dugnad og andre måtar, og prisantydning som kan leggast fram for soknerådet.
- Vi ynskjer at gapahuken skal vere tilgjengeleg med rullestol/rullator via den gamle vegen ned frå parkeringsplassen. Det vil vere ynskjeleg at han har plass til 24 personar. Når projektskisse er ferdig, ynskjer trusopplæringsutvalet å få sjå denne for å eventuelt kunne komme med innspel før arbeidet vert gjort.
- Forslag til personar som vi kan spørje om å leie/delta i prosjektgruppa: Hans Kristian Aabø, Dag Erik Asdahl, Oddvar Hægeland og Kristen Salmelid. Om ikkje kyrkjevevja sit i prosjektgruppa, må han ha si rolle i prosessen.
- Framdrift: Projektskisse ferdig før jul, gapahuk ferdig for bruk innan sommaren 2021.

Kyrkjevevja meiner vi ikkje kan gå vidare med saka før eit vedtak i soknerådet. Finansiering må og på plass. Om soknerådet støttar dette, vil prosjektet bli budsjettert med i 2021.

Dei fyrste kr 10.000 er gjeve tilsegn om frå Sparebanken Sør sitt gåvefond. Andre aktuelle plassar å søkje kan vere Gjensidigestiftelsen, Sparebanken DIN og kulturmidlar i Kviteseid kommune, men alle desse har søknadsfristen for 2020 gått ut, så vi må vente til 2021. Til bispedømerådet blir det no arbeidd med søknad om midlar frå diakoni og trusopplæring og OVF (Opplæringsvesenets fond). Trusopplærar fylgjer opp søknader. Prosjektet er ikkje søknadspliktig nokon plass har vi fått opplyst frå plankontoret i Nissedal kommune.

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet støttar trusopplæringsutvalet i tanken om ein gapahuk nær Kviteseid kyrkje. Soknerådet ber kyrkjekontoret arbeide vidare med søknader og planar, og budsjettere med prosjektet i 2021.

Kviteseid kommune må som eigar av arealet som er føreslege, godkjenne at det blir sett opp ein gapahuk der, viss det vert aktuelt. Det vart òg drøfta om det kan vere andre aktuelle areal nær Kviteseid kyrkje. Til saman 3 søknader om stønad er til no sende.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet støttar trusopplæringsutvalet i tanken om å få bygd ein gapahuk nær Kviteseid kyrkje. Soknerådet ber kyrkjekontoret arbeide vidare med søknader og planar, og budsjettere med prosjektet i 2021. Administrasjonen knyttar til seg 2 eksterne til ei prosjektgruppe og legg forslag fram for Trusopplæringsutvalet for høyring, og til SR for vedtak om plassering og utforming.

Hans Kristian Aabø og Håkon Heggtveit er med i prosjektgruppa.

**SR-sak 66/20 (FR)**

**Smitteverntiltak**

**ML**

Sokneprest Møyfrid Lunde informerer om dei gjeldande smittevernforskriftene og tiltaka som er gjort hos oss.

Ho la fram ein grei oversikt som blir lagt ved her i dokumentet etter siste sak.

<b>SR-sak 67/20 (FR)</b>	<b>Møteplan for SR 2021</b>	<b>Leiar</b>
<p>Kyrkjeverja foreslår følgjande datoar: 20. jan., 3. mars, 14. april, 2. juni, 25. aug., 6. okt. og 17. nov. AU har budsjettmøte 6. jan. kl. 13.00</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Soknerådet vedtek den framlagde møteplanen for 2021.</p>		
<b>SR-sak 68/20 (FR)</b>	<b>Eventuelt</b>	<b>Leiar</b>

Vedlegg:

### Gudstenesteplan for vår og sommar 2021

dag dato	tid	kyrkje	kyrkjeåret	B	F/K	Kv	V	liturgi	anna
s. 03.01.		Brunkeberg	Kr. Openberr	1					
s. 10.01.		Kviteseid	2. s. i openbe			1		fam	
s. 17.01.		Vrådal	3. s. i openbe				1		
s. 24.01.		inga gudsten	4. s. i openbe						leirlederhelg
s. 31.01.		Brunkeberg	Såmannsunda	1				fam	tårnagenthel
s. 07.02.		Kviteseid	Kristi forklåri			1		fam	utdeling dåps
s. 14.02.		Vrådal	Fastelavnssur				1		
s. 21.02.		inga gudsten	1. s. i fastetid						1. helg i vinte
s. 28.02.		Brunkeberg	2. s. i fastetid	1					
s. 07.03.		Kviteseid	3. s. i fastetid			1		fam	
f. 12.03.									fellesmøtehe
l. 13.03.									fellesmøtehe
s. 14.03.		Vrådal	4. s. i fastetid				1	fam	
s. 14.03.									fellesmøtehe
s. 21.03.		Kviteseid	Maria bodska			1			
s. 28.03.		inga gudsten	Palmesundag						
to. 01.04.		Brunkeberg	Skjærtorsdag	1					
f. 02.04.		Vrådal	Langfredag				1		
s. 04.04.		Kviteseid	Påskedag			1		fam?	
s. 04.04.		Vrådal	Påskedag				1		
m. 05.04.		Fjågesund	2. påskedag		1				
s. 11.04.	17:00?	Brunkeberg?	2. s. i påsketi	1					felles diakoni
s. 18.04.		Kviteseid	3. s. i påsketi			1			
s. 25.04.		inga gudsten	4. s. i påsketi						
s. 02.05.		Kviteseid	5. s. i påsketi			1		ung	samtalegudst
3.-8. mai									godhetsveke
l. 08.05.	11.00	Brunkeberg	6. s. i påsketi	1					konfirmasjon
l. 08.05.	13.30	Vrådal	6. s. i påsketi				1		Konfirmasjon
s. 09.05.									fellesgudsten
to. 13.05.	11.00	Vrådal gamle	Kr. Himmelfa				1		
l. 15.05.	11.00	Kviteseid	som 6. s. i på			1			konfirmasjon
m. 17. 05.	11.00	Kviteseid	17.mai			1			
m. 17.05.	12:30	Fjågesund	17.mai		1				
m. 17.05.	13.45	Brunkeberg	17.mai	1					
s. 23.05.		Kviteseid	Pinsedag			1			pinsedag
s. 30.05.		inga gudsten	Treiningssur						
s. 06.06.		Kviteseid	2. s. i treeinir			1		fam	
s. 13.06.		Vrådal	3. s. i treeinir				1		
s. 20.06.		Kviteseid	4. s. i treeinir			1			bygdetunet o
s. 27.06.		inga gudsten	5. s. i treeinir						
s. 04.07.	18.00	Kviteseid	Aposteldager			1			
s. 11.07.	18.00	Brunkeberg	7. s. i treeinir	1					
s. 18.07.	18.00	Vrådal	8. s. i treeinir				1		
s. 25.07.		inga gudsten	9. s. i treeinir						
s. 01.08.		inga gudsten	10. s. i treein						

8 2 13 9

## Rapport – endringar pga. smittevern per 18.11.20

### Avklaring av ansvar

\* Ny avklaring gjer det klart at sokneprest har ansvar for smittevern i både planlegging, gjennomføring og etterarbeid knytt til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Soknerådet har ansvar for andre arrangement. Leigetakar har ansvar ved private arrangement.

### Gudstenestearbeidet

Vi har no hatt gudstenester i alle kyrkjene, og staben har hatt ein ny evaluering og gjennomgang av rutinar for smittevern. Dette gjeld mellom anna:

- tilgang til håndvask/antibac, føring av lister for smittesporing, tilrettelegging ved nattverd, dåp, takkoffer og lystenning, samt vask mellom samlingar.

Etter nye reglar kom frå regjeringa 5. november, kom kyrkja ved KA og kirkerådet med nye smittvernveglear 6. november.

No gjeld 50 som øvre grense for tal på deltakarar i gudstenester. Medverkande kjem i tillegg.

Etter dette har vi justert gudstenesta for å ha minst mogleg vandrings mellom dei som kjem. Etter ynskjer frå prostene, har vi droppa nattverd sjølv om kommuneoverlegen har gitt lov til å halde fram med det. Takkofferet skjer anten på vipps eller i korg ved utgangen. For å ha plass til flest mogleg i gudstenesta, tilbyr vi no berre dåp i eigne dåpsegudstenester. Vi har ikkje kyrkjekaffi i denne perioden.

Vi har innført påmelding på alle gudstenester og konsertar. Det vil seie at ein kan sikre seg plass på denne måten via heimesida eller på telefon på førehand. Så lenge det ikkje er fullt, kan ein også komme i døra.

Vi har kunna halde fram med institusjonsandaktar på KOS og Midtsundtoppen som før. På KOS nyttar vi songark i staden for bøker no. Då finn dei fram sjølv.

### Førebuing av skulegudstenester og jolevandringar:

Vi har planar for skulegudstenester 18. desember i Brunkeberg og i Kviteseid. Vi planlegg for to gudstenester i Kviteseid, men ventar på avklaring om dei opnar for større grupper enn 50 før den tid. I staden for drama av konfirmantane, vil vi lage biletserie med tablå som kan nyttast i fleire gudstenester.

Etter gjeldande reglar kan vi gjennomføre jolevandring som før. Dette er planlagt 15. desember. Dei eldste frå Straumsnes får kanskje delta saman med dei i Kviteseid.

### Planar for jola

Joleftan planlegg vi gudstenester som før i Fjågesund og Brunkeberg. I Vrådalen får vi låne konferansesalen på Straand Hotel om dei opnar for meir enn 50 både joleftan og 1. dag. I Kviteseid har vi fått vikar til ein ekstra gudsteneste kl. 13.30 i tillegg til den vanlege kl. 16.15. Dersom dei ikkje opnar for meir enn 50 deltakarar, vil vi vurdere om vi har ressursar til å strøyme ei gudsteneste.

Første joledag planlegg vi gudsteneste som vanleg i Kviteseid, og som dagen før i Vrådalen (sjå over.)

Biskopen har kalla inn prostane til eit møte om jola. Vi ventar difor på om han tek avgjersler som verkar inn på det vi kan planlegge. Uansett må vi vere opne for at regjeringa eller kyrkja sentralt kan gjere endringar i tida framover.

### Konfirmantarbeidet

Dette er prioritert også i den perioden vi er i no. På konfirmantsamlingane er det uproblematisk å legge til rette så lenge dei høyrer til same kohort på skulen. Nokre konfirmantforeldre har tatt kontakt med spørsmål om det er forsvarleg at dei deltek på gudstenester. Presten har hatt møte nytt møte med kommuneoverlegen og avklare både dette og spørsmål knytt til all aktiviteten vår.

### Trusopplæring

Vi har fokus på smittevern i dei tiltaka vi har invitert til og gjennomført i denne tida. Samlinga for 5-åringane som skulle vært i samband med gudstenesta 29. november i Vrådalen er flytta ut i etterkant av gudstenesta då det vert for lite plass i kyrkja.

### Diakoni

Diakoniutvalet har gjennomført føremiddagstreff med smittevern sidan sist. Dei har no valt å avlyse i november for å gjere likt som misjonshuset i denne perioden. Kommuneoverlegen har stilt seg positivt til at vi kan gjennomføre føremiddagstreff også i denne perioden.

Representantar frå diakoniutvalet og presten har hatt eit møte med leiar ved KOS, Elise Foldøy. Dei ynskjer å vere med og gjere noko for at bebuarane kan få betra dagar. Førebels vil ein starte opp med strikkekafe og trimgruppe. Ein ynskjer å engasjere fleire frivillige også til besøksteneste og som turvener. Det er gjort avtaler om nokre datoar som KOS vil legge inn på eit månadleg program. Vi skal ha nytt oppfølgingsmøte i januar.

### Misjon

Arbeidet i Nepal har komme i gang att etter den store nedstenginga. Misjonæren Liv Wendel ventar framleis på om ho får reise ut på nyåret.